

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesutvalet legg vekt på at senterstrukturen for vaksenopplæringa skal vera funksjonell og berekraftig i høve til dei oppgåvane ansvarsområdet er sett til å løysa.

1. Fylkesutvalet går inn for at vedtaket om etablering av vaksenopplæringssenter på Stord og Voss vert tilpassa slik:
  - Stord vidaregåande skule: kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad og Austevoll
  - Voss gymnas: kommunane Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam
2. Fylkesutvalet går inn for at det for området Stor-Bergen vert etablert tre vaksenopplæringssenter:
  - Sotra vidaregåande skule: kommunane Sund, Fjell, Øygarden og Askøy
  - Åsane videregående skole som vaksenopplæringssenter for handverks-, industri-, helse- og oppvekstfag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os
  - Bergen Katedralskole som vaksenopplæringssenter for studiespesialiseringe fag for Bergen, Nordhordland og kommunane Fusa, Samnanger og Os
3. Ny senterstruktur vert innført frå 01.01.2016 og gjennomført fortløpende så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette for dette.
4. Senterstrukturen bør følgjast opp og reviderast i 2020, - etter ein driftsperiode på 5 år.
5. Undervisningstilbodet i vaksenopplæringa skal framleis vere desentralisert.